

Høyringsnotat

Forslag til endringar i helselovgivinga (organisatoriske endringar i sentral helseforvaltning mv.)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i høyringsnotatet	3
2	Bakgrunn	3
3	Samling av helseregister i Folkehelseinstituttet	5
4	Direktoratet for e-helse blir slått saman med Helsedirektoratet	5
5	Statens legemiddelverk.....	5
6	Oppgåvefordeling mellom Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet.....	6
7	Klagenemnda for behandling i utlandet.....	9
8	Tilgjengeleggjering av pasientjournalar til næraste pårørande.....	9
9	Økonomiske og administrative konsekvenser	10
10	Forslag til lov om endringar i helselovgivinga (organisatoriske endringar i sentral helseforvaltning)	11
11	Forslag til forskrift om endringar i forskrift..... og enkelte andre forskrifter (organisatoriske endringar i sentral helseforvaltning).....	14

1 Hovudinnhaldet i høyringsnotatet

Helse- og omsorgsdepartementet foreslår i dette høyringsnotatet endringar i lov og forskrifter som er nødvendige for å gjennomføre avgjerder om organisatoriske endringar i den sentrale helseforvaltninga. Lov- og forskriftsendringene får direkte følger for Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet, Direktoratet for e-helse, Kreftregisteret og Statens legemiddelverk.

Departementet foreslår vidare å overføre kompetansen til å behandle klager på vedtak etter pasient- og brukerrettighetsloven § 2-4 a andre ledd bokstav a frå Klagenemnda for behandling i utlandet til Helseklage.

Departementet foreslår også å presisere i helsearkivforskriften at saker om tilgjengeliggjering av pasientjournalar til næraste pårørande skal avgjerast av Norsk helsearkiv.

2 Bakgrunn

Regjeringa vil gjere enkelte endringar i organiseringa av den sentrale helseforvaltninga.

Endringane er omtalte i revidert nasjonalbudsjett, jf. Prop. 118 S (2022-2023) side 163 - 165:

Endringer i organisering, roller og ansvar i den sentrale helseforvaltningen

Som varslet i Prop. 1 S (2022-2023) har Helse- og omsorgsdepartementet foretatt en gjennomgang av den sentrale helseforvaltningen og vurdert behovet for justeringer i dagens organisering med sikte på effektiv ressursbruk, avklarte roller og ansvar mellom etatene, samt effektiv og samordnet etatsstyring fra departementets side. Det har også vært ønskelig med justeringer som bedre henger sammen med regjeringens målsettinger i helsepolitikken. På denne bakgrunn vil departementet gjennomføre organisatoriske endringer i forvaltningen med sikte på virkning fra 1. januar 2024. Endringene samler fagmiljøer for bedre utnyttelse av ressurser og fagkompetanse og gir et skarpere organisatorisk skille mellom helseforvaltningens kjerneoppgaver – myndighetsutøvelse, tilsyn og kunnskapsproduksjon. Samlet skal endringene resultere i en mer kostnadseffektiv og hensiktsmessig organisering med mulighet for bedre støtte til kommunal sektor, tilrettelegging for videre digitalisering og styrket helseberedskap. Formålet med omorganiseringen er ikke å redusere den samlede ressursbruken, men å oppnå gevinster i form av blant annet:

- bedre støtte til kommunene
- bedre utnyttelse av helsedata
- tettere kobling mellom digitaliseringsarbeidet og tjenesteutviklingen
- styrket forsyningssikkerhet for legemidler og medisinsk utstyr
- bedre beslutningsgrunnlag for innføring av legemidler og medisinsk utstyr
- større synergier mellom det brede folkehelsearbeidet og arbeidet i helse- og omsorgstjenestene.

Helsedirektoratet rendyrkes som en utvidet og mer helhetlig myndighetsetat med «følge-med funksjoner» og rådgivningsfunksjoner innen hele helse- og omsorgstjenesten og folkehelseområdet. Tiltaket innebærer en samling av myndighetsfunksjoner,

gjennomføringsfunksjoner og ansvar for registeranalyser og statistikk innen helse- og omsorgstjeneste- og det brede folkehelsefeltet i Helsedirektoratet. Dette betyr blant annet at deler av folkehelsefeltet flyttes fra Folkehelseinstituttet til Helsedirektoratet. Videre skal myndighetsoppgavene innen digitaliseringsområdet styrkes og kobles tettere til tjenesteutviklingen. Dette innebærer at Helsedirektoratet og Direktoratet for e-helse slås sammen gjennom en virksomhetsoverdragelse.

Folkehelseinstituttet rendyrkes som en mer spisset kunnskapsetat med ansvar for kunnskapsoppsummeringer og forskning. Innenfor smittevern og miljømedisin vil imidlertid Folkehelseinstituttet som i dag ha operativt fagansvar, herunder gjennomførings- og overvåknings-, og rådgivningsfunksjoner. Regelverksfortolkning og formelle myndighetsoppgaver vil samles i Helsedirektoratet. Helseregistrene i Helsedirektoratet, Kreftregisteret som ligger under Helse Sør-Øst RHF og Helsedataservice i Direktoratet for e-helse flyttes til Folkehelseinstituttet og samles med instituttets registre. Referanselaboratoriene og øvrige laboratorier videreføres i Folkehelseinstituttet inntil videre. Plassering av laboratoriedrift og laboratoriefunksjoner innen mikrobiologi/smittevern i den sentrale helseforvaltningen utredes med mål om en mer hensiktsmessig, kostnadseffektiv og tverrsektoriell organisering på sikt.

Statens legemiddelverk styrkes og endrer navn til Direktoratet for medisinske produkter. Etaten vil som i dag ha ansvar for legemidler og medisinsk utstyr (medisinske produkter), inkludert regulatoriske virkemidler for å sikre tilgang til produktene (forsyningssikkerhet) og en forsterket rolle for nasjonale innkjøp. Etaten får et helhetlig ansvar for metodevurderinger for medisinske produkter og miljøet i Folkehelseinstituttet som driver med metodevurderinger innen dette området flyttes til Direktoratet for medisinske produkter. Anskaffelsesansvaret innen vaksinefeltet flyttes også fra Folkehelseinstituttet til etaten. Ansvar for området «blod, celler og vev» flyttes fra Helsedirektoratet til Direktoratet for medisinske produkter, mens øvrige oppgaver innen bioteknologifeltet blir værende i Helsedirektoratet.

Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet videreføres som i dag, men det formaliseres et forpliktende samarbeid med Helsedirektoratet for å styrke informasjons- og kommunikasjonsarbeidet ved en eventuell atomhendelse. Forholdet til den helhetlige helseberedskapen følges opp i den kommende stortingsmeldingen om helseberedskap, herunder samarbeidsmodeller, ivaretagelse av samfunnsperspektivet ved vurdering av tiltak og behov for revisjon av Kgl. res. av 23. august 2013 som regulerer myndighet etter strålevernloven til Kriseutvalget for atomberedskap. Helse- og omsorgsdepartementet vil i dialog med Utenriksdepartementet sikre at endringer er i samsvar med internasjonale forpliktelser innen atomsikkerhetsområdet.

Helse- og omsorgsdepartementet skal, i samråd med berørte departementer, utrede en mer samlet organisering av kompetansesentrene utenfor spesialisthelsetjenesten med mål om å etablere et mer helhetlig system for bedre og mer koordinert støtte til kommunesektoren. Utredningen legger til grunn en desentralisert struktur med kompetansemiljø nær tjenestene. Regjeringen vil komme tilbake til Stortinget om saken på egnet måte.

Endringene i organisering, roller og ansvar skal gjennomføres innenfor en uendret samlet budsjettamme, og Helse- og omsorgsdepartementet vil sørge for relevante lov- og forskriftsendringer som tydeliggjør ansvarsfordelingen mellom etatene, og mellom etatene og departementet. Endringene skal ikke føre til sentralisering av hverken statlige arbeidsplasser eller tjenestetilbud til befolkningen. Helseforvaltningen skal fortsatt være representert i alle områder der forvaltningen i dag har kontorer.

I dette høyringsnotatet blir det foreslått nødvendige endringar i lov og forskrifter som konsekvens av desse endringane i organiseringa.

3 Samling av helseregister i Folkehelseinstituttet

Dei lovfesta helseregistra som Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet har ansvar for i dag etter helseregisterloven § 11, blir samla i Folkehelseinstituttet. I det ligg det at Norsk pasientregister (NPR) og Kommunalt pasient- og brukerregister (KPR) blir overførte frå Helsedirektoratet til Folkehelseinstituttet.

Kreftregisteret ved Oslo universitetssykehus HF skal også inngå i samlinga av register i Folkehelseinstituttet. Det same gjeld donorregistret etter bioteknologiloven § 2-8.

Denne samlinga av register krev ikkje lovendringar, men det må gjerast nokre endringar i forskrifter. I forskriftene som regulerer Kreftregisteret, Norsk pasientregister og Kommunalt pasient- og brukerregister må ansvar og mynde frå høvesvis Helsedirektoratet og Kreftregisteret overførast til Folkehelseinstituttet. Dette gjeld til dømes ansvar som dataansvarleg, plikt til å gjennomføre internkontroll og tryggingstiltak og mynde til å inngå avtale med databehandlar. Sjå forslaga i punkt 11 Forslag til forskrift om endringar i forskrift..... og enkelte andre forskrifter (organisatoriske endringar i sentral helseforvaltning) del V, XI, XII og XVII.

4 Direktoratet for e-helse blir slått saman med Helsedirektoratet

Direktoratet for e-helse blir slått saman med Helsedirektoratet. Helsedirektoratet får etter dette ansvar for alle myndeoppgåver innan digitalisering i helse- og omsorgssektoren. Dette krev ingen lovendringar, men endringar i forskrifter der mynde eller oppgåver er lagde til Direktoratet for e-helse. Sjå forslag til endringar i punkt 11 Forslag til forskrift om endringar i forskrift..... og enkelte andre forskrifter (organisatoriske endringar i sentral helseforvaltning) del VI, X og XVI.

Den nasjonale organisatoriske løysinga for tilgjengeleggjering av helsedata frå helseregister (Helsedataservice) som ligg i Direktoratet for e-helse, skal innlemmast i Folkehelseinstituttet. I forskrifta som regulerer Helsedataservice må derfor oppgåver og mynde som ligg til Direktoratet for e-helse overførast til Folkehelseinstituttet. Dette omfattar mellom anna ansvaret for å forvalte løysinga, avgjere kva for helseregistre som skal inkludertast i løysinga og ta avgjerder om tilgjengeleggjering av helsedata for dei inkluderte registera. Sjå forslag i punkt 11 Forslag til endringar i forskrift om nasjonal løysing for i av helsedata og enkelte andre forskrifter (organisatoriske endringar i sentral helseforvaltning) del III.

5 Statens legemiddelverk

Statens legemiddelverk endrar namn til Direktoratet for medisinske produkter. I dette ligg det at det må gjerast endringar i ein del lover og forskrifter, sjå punkt 10 Forslag til lov om

endringar i helselovgivinga (organisatoriske endringar i sentral helseforvaltning) del I, VI, VII og VIII og punkt 11 Forslag til forskrift om endringar i forskrift..... og enkelte andre forskrifter (organisatoriske endringar i sentral helseforvaltning) del I.

Etatens sitt ansvar for legemiddel og medisinsk utstyr (medisinske produkt) blir vidareført. Den får eit større ansvar for kjøp av legemiddel og medisinsk utstyr. Etaten får eit større ansvar for beredskap og forsyningstryggleik på vaksinefeltet der oppgåvene i dag ligg til Folkehelseinstituttet. Departementet foreslår derfor å endre smittevernloven § 7-9 og ta ut omtalen av instituttet sitt ansvar for å «sikre nødvendig vaksineforsyning og vaksineberedskap.» Ansvaret blir vidareført som eit ansvar for departementet, sjå forslag til nytt sjetste ledd i § 3-8. Den nærare oppgåvefordelinga mellom Folkehelseinstituttet og Direktoratet for medisinske produkt på dette feltet kan omtalast i instruksane til etaten og i etatsstyringa til departementet. Sjø forslag til endring i smittevernloven i punkt 10 Forslag til lov om endringar i helselovgivinga (organisatoriske endringar i sentral helseforvaltning) del V og forslag til endringar i forskrift om tuberkulosekontroll i punkt 11 Forslag til forskrift om endringar i forskrift..... og enkelte andre forskrifter (organisatoriske endringar i sentral helseforvaltning) del IX.

Direktoratet for medisinske produktar får eit heilskapleg ansvar for metodevurderingar av medisinske produkt. Etaten har i dag ansvar for å utføre hurtige og forenkla metodevurderingar av legemiddel som blir behandla i Systemet for nye metodar for bruk i spesialisthelseteneste og folketrygdfinansierte legemiddel, og treff avgjerd om opptak og førehandsgodkjent refusjon i blåreseptordninga. Folkehelseinstituttet sitt ansvar for metodevurderingar innan dette området blir flytta til Direktoratet for medisinske produktar. Overføringa krev ikkje endringar i lov eller forskrifter.

Ansvar for området «blod, celler og vev» blir flytta frå Helsedirektoratet til Direktoratet for medisinske produktar. Dette krev endringar i enkelte forskrifter, sjå punkt 11 Forslag til forskrift om endringar i forskrift..... og enkelte andre forskrifter (organisatoriske endringar i sentral helseforvaltning) del II.

6 Oppgåvefordeling mellom Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet

Helsedirektoratet skal vidareførast som ein heilskapleg myndeetat for helse- og omsorgssektoren, mens Folkehelseinstituttet skal vidareutviklast til ein spissa kunnskapsetat med ansvar for kunnskapsoppsummeringar og forskning.

Myndefunksjonar, gjennomføringsfunksjonar og registeranalysar og statistikk innan helse- og omsorgstenestene og på folkehelseområdet skal samlast i Helsedirektoratet.

Samlinga av myndefunksjonar, gjennomføringsfunksjonar og registeranalysar og statistikk i Helsedirektoratet, krev at det blir gjort nokre endringar i folkehelseloven. Oppgåvene på folkehelseområdet til høvesvis Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet går fram av føresegnene i folkehelseloven §§ 24 og 25. Etter § 25 skal Folkehelseinstituttet overvake utvikling av folkehelsa, utarbeide oversikt over helsetilstanden til befolkninga og faktorar som påverkar denne og utføre helseanalysar på folkehelseområdet. Vidare skal

Folkehelseinstituttet gjere tilgjengeleg opplysingar som grunnlag for kommunane og fylkeskommunane sine oversikter etter §§ 5 og 21. Opplysingane skal vere baserte på statistikk frå sentrale helseregister, og annan relevant statistikk. Disse reglane må endrast for å overføre hovudansvaret for overvaking, registeranalysar og statistikk til Helsedirektoratet, samtidig som Folkehelseinstituttet har oppgåvene som er lagt til dataansvarleg etter helseregisterloven, mellom anna oppgåva med å utarbeide statistikk på grunnlag av dei sentrale helseregistra etter § 19. Sjå forslag til endringar i folkehelseloven i punkt 10 Forslag til lov om endringar i helselovgivinga (organisatoriske endringar i sentral helseforvaltning) del III. Tilsvarande endringar må også gjerast i forskrift om oversikt over folkehelsen for å overføre disse oppgåvene til Helsedirektoratet, sjå punkt 11 Forslag til forskrift om endringar i forskrift..... og enkelte andre forskrifter (organisatoriske endringar i sentral helseforvaltning) del VII.

Innan fagområda smittevern og miljømedisin skal Folkehelseinstituttet fortsett ha gjennomførings- og overvakingfunksjonar, inkludert registeranalysar og statistikk. Folkehelseinstituttet skal innan disse områda ha meir operative funksjonar, inklusive rådgivingstenester. Regelverkstolking og formelle myndefunksjonar skal ligge til Helsedirektoratet.

Endringane i oppgåvefordeling mellom Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet innan smittevern og miljømedisin fører til at fråsegnene i smittevernloven §§ 7-9 og 7-10 om høvesvis Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet sine oppgåver, må tilpassast. Sjå forslag til endringar i desse paragrafane i punkt 10 Forslag til lov om endringar i helselovgivinga (organisatoriske endringar i sentral helseforvaltning) del V. Departementet foreslår mellom anna å ta ut av begge paragrafane omtalen av høvesvis Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet sine rådgivande oppgåver. Dei nærare rollene til direktorata når det gjeld å gi fagleg råd og rettleiing kan omtalast nærare og klargjerast i instruksane til etatane og/eller i departementet si styring av etaten. Det er ikkje nødvendig å regulere desse oppgåvene i lov. Departementet kan også i instruks eller gjennom etatsstyringa gi utdjupe omtalar og klargjering av det nærare innhaldet i Folkehelseinstituttet si operative rolle i samband med utbrot av smittsame sjukdommar.

Departementet foreslår at formuleringa «Folkehelseinstituttet er statens smitteverninstitutt.» i første setning i § 7-9 blir ståande. Ettersom formuleringa kan gi inntrykk av at Folkehelseinstituttet har eit samla ansvar innan smittevernfeltet, foreslår departementet ei klargjering av Helsedirektoratet si oppgåve som staten sitt myndeorgan på smittevernfeltet i § 7-10. Forslaget skal ikkje føre til endringar i dei alminnelege instruksjonsforholda i staten; Helsedirektoratet skal fortsett vere underordna departementet, også når direktoratet utfører oppgåver og utøv mynde etter smittevernloven.

Departementet foreslår vidare å ta ut følgjande formulering i § 7-10 første ledd: «Helsedirektoratet skal innhente kunnskap fra Folkehelseinstituttet og legge denne kunnskapen til grunn for sine vurderingar.» Etter departementet si vurdering er denne formuleringa overflødig og kan bidra til at ansvarsdelinga mellom Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet blir uklar. Helsedirektoratet vil vere ansvarleg for innhaldet i vedtak

som etaten treff etter smittevernloven og må i denne sammenhengen innhente kunnskap frå mellom anna Folkehelseinstituttet ved behov.

I tillegg til endringane i smittevernloven §§ 7-9 og 7-10, må føresegnar i forskrift som legg myndefunksjonar til Folkehelseinstituttet endrast slik at desse oppgåvene blir overførte til Helsedirektoratet.

Dette gjeld mellom anna mynde til å godkjenne skadedyrnedkjemperar etter forskrift om skadedyrbekjempelse og mynde til å fastsette kva for land som skal vurderast å ha høg førekomst av tuberkulose. Innkøst frå desse landa utløyer plikt til å gjennomgå tuberkuloseundersøking etter forskrift om tuberkulosekontroll. I forskrift om tuberkulosekontroll er det også foreslått ei viss forenkling av fråsegnene om Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet sine oppgåver. Detaljering og nærare omtale av dei ulike oppgåvene på dette feltet kan tas inn i instruksane til etatane og/eller gjennom departementet si etatsstyring, inkludert utarbeiding av faglege tilrådingar.

I forskrift om nasjonalt vaksinasjonsprogram er Folkehelseinstituttet gitt i oppgåve å gi «faglige retningslinjer for gjennomføring av det nasjonale vaksinasjonsprogrammet, herunder målgrupper, hyppighet og den tekniske sammensetningen av vaksinene». Vidare skal Folkehelseinstituttet etter forskrifta også gi retningslinjer for vaksinasjon mot pandemisk influensa og mot covid-19, avgjere kva for risikogrupper av barn kommunane skal gi tilbod om vaksine mot tuberkulose til og kva for risikogrupper kommunane årleg skal tilby vaksine mot sesonginfluensa. Departementet foreslår å erstatte fråsegnene om desse oppgåvene med ei generell fråsegn som gir departementet heimel til å gi nærare retningslinjer om gjennomføringa av vaksinasjonsprogrammet, sjå forslag til endringar i § 3 andre ledd. Dette opnar for at endringar i målgruppe m.m. anten kan fastsettast av departementet etter fagleg innspel frå etatane, eller departementet kan velje å delegere denne oppgåva.

I forskrift 17. juni 2005 nr. 610 om smittevern i helse- og omsorgstjenesten er fråsegna om Folkehelseinstituttet sine oppgåver foreslått endra for å justere henne i tråd med endringar i oppgåvefordelinga mellom Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet. I nokon grad er også reglane foreslått forenkla ved å gi ei mindre detaljert beskriving av oppgåvene. Nærare regulering av disse oppgåvene kan ved behov bli fastsett i samband med departementet si etatsstyring. Sjø forslag til endringar i forskrifter i punkt 11 Forslag til forskrift om endringar i forskrift..... og enkelte andre forskrifter (organisatoriske endringar i sentral helseforvaltning) del VIII, IX og XVIII.

Etter MSIS-forskriften (forskrift 20. juni 2003 nr. 740 om Meldingssystem for smittsomme sykdommer) § 3-3 skal Folkehelseinstituttet samordne tiltak ved utbrot av smittsame sjukdommar. Det går fram av forarbeida til reglane (kongelig resolusjon av 18. oktober 2019 nr. 1383 om endringar i forskrifter etter revisjon av smittevernloven) at den er meint som ei pedagogisk gjentakning av det som alt følgde av smittevernloven § 7-9. For å unngå uvisse, særleg om kor vidt reglane gir Folkehelseinstituttet kompetanse til å treffe avgjerder om smitteverntiltak i tillegg til å gi fagleg råd og hjelp, foreslår departementet å oppheve regelen. Fordi regelen ikkje er meint å gi Folkehelseinstituttet avgjerdsmynde, er det heller ikkje nødvendig å regulere denne oppgåva i forskrift. Folkehelseinstituttet vil fortsett ha ei

rolle i samordning av tiltak i slike situasjonar, men dette kan detaljerast og klargjerast i instruksen til etaten og/eller i departementet si etatsstyring.

Folkehelseinstituttet skal fortsett ha overvåkingsfunksjonar innan fagområda smittevern og miljømedisin. Det er derfor ikkje foreslått endringar i oppgåvene til Folkehelseinstituttet etter forskrift 21. desember 2007 nr. 1573 om varsling av og tiltak ved alvorlige hendelser av betydning for internasjonal folkehelse mv. (IHR-forskriften).

Departementet foreslår også å oppheve reglane i spesialisthelsetjenesteloven § 7-3 og helse- og omsorgstjenesteloven § 12-5 om Helsedirektoratet si oppgåve med å utvikle Nasjonale faglege retningslinjer, rettleiarar og kvalitetsindikatorar. Det er ikkje nødvendig å regulere i lov at Helsedirektoratet skal ha desse oppgåvene. Dette kan tas inn i instruksen for etaten, eller gis som oppdrag i tildelingsbrev. Lovverket bør i utgangspunktet ikkje innehalde fråsegnar som ikkje har rettsleg verknader. Slike fråsegnar kan nokre gonger ha ein pedagogisk funksjon. For desse fråsegnene meiner departementet likevel at regulering i lov kan føre til at den rettslege statusen til retningslinjene bli uklår, rettleiarane og kvalitetsindikatorane og pedagogiske omsyn tilseier at fråsegnene ikkje bør vidareførast.

7 Klagenemnda for behandling i utlandet

Departementet foreslår også ei endring i reglane for behandling av klager på vedtak om dekking av utgifter til helsehjelp i utlandet etter pasient- og brukerrettighetsloven § 2-4 a andre ledd bokstav a. Forslaget har ikkje samband med avgjerdene om dei organisatoriske endringane i sentral helseforvaltning som er omtalt i revidert nasjonalbudsjett, jf. punkt 2.

Departementet foreslår å overføre mynde til å behandle klager på desse vedtaka frå Klagenemnda for behandling i utlandet til Helseklage. Overføringa vil forenkle reglane for behandling av klager som gjeld vedtak om helsehjelp i utlandet etter pasient- og brukerrettighetsloven § 2-4 a ved at Helseklage blir klageinstans for vedtak etter alle dei tre ordningane. Dette gjer det enklare å sjå dei ulike rettane i samband, mellom anna rettane som følgjer av EØS-regelverket (Trygdeforordninga og Pasientrettighetsdirektivet). Departementet kan ikkje sjå at det er behov for at desse sakene blir behandla av ei nemnd. Departementet viser også til NOU 2019: 5 Ny forvaltningslov side 479 og omsyna som der er nemnde som talar for og mot bruk av nemnder. Klagenemnda behandlar ikkje andre saker enn dei som etter forslaget skal overførast til Helseklage. Nemnda blir derfor lagt ned.

Sjå forslag til endringar i pasient- og brukerrettighetsloven i punkt 10 Forslag til lov om endringar i helselovgivinga (organisatoriske endringar i sentral helseforvaltning) del VIII og i punkt 11 Forslag til forskrift om endringar i forskrift..... og enkelte andre forskrifter (organisatoriske endringar i sentral helseforvaltning) del XIX.

8 Tilgjengeleggjering av pasientjournalar til næraste pårørande

Frå 15. mars 2023 ble kompetansen til å treffe vedtak om å tilgjengeleggjere helseopplysningar frå Norsk helsearkiv etter helsearkivforskriften § 31 og

helseregisterloven §§ 19 flg. lagt til Helsedataservice jf. forskrift om nasjonal løsning for tilgjengeliggjøring av helsedata § 4. Det har ikkje vore intensjonen at også vurderinga av pårørande sin rett til innsyn i avdøde familiemedlemmar sine journalar skulle overførast til Helsedataservice, men etter revisjon av helseregisterloven, jf. Prop. 72 L (2013-2014) blei ordlyden i helsearkivregisterforskriften § 31 slik at det ikkje lenger kom klart fram at denne typen søknad om tilgjengeleggjing fortsett skal vurderast etter reglane om teieplikt etter helsepersonelloven. Dette blei eit problem først etter at kompetansen til å treffe vedtak om tilgjengeleggjing frå Norsk helsearkiv blei overført til Helsedataservice 15. mars 2023.

Departementet ser det som formålstenleg at kompetansen til å avgjere saker om tilgjengeleggjing av pasientjournalar til dei næraste pårørande til ein pasient fortsett bør gjerast av Norsk helsearkiv. Norsk helsearkiv har dei komplette journalane for den enkelte pasient og kan gjere ei grundig vurdering av om vilkåra for tilgjengeleggjing i helsepersonelloven er til stades. Det er nødvendig å lese den enkelte sin journal – anten heile eller utdrag av den – for å kunne gjere ei forsvarleg vurdering av om vilkåra er oppfylt. Dersom Helsedataservice skulle gjere den same vurderinga, måtte heile journalen til pasienten bli oversendt til Helsedataservice for ei vurdering. Personkretsen som får tilgjengeleggjort pasientopplysningar vil dermed bli utvida. Vurderingane etter reglane i helsepersonelloven om teieplikt er også noko ulike vurderingane som skal gjerast etter helseregisterloven §§ 19 flg. Norsk helsearkiv har god erfaring med å gjere vurderingar av om pasientjournalar kan tilgjengeleggjerast til næraste pårørande.

Departementet er vidare av den oppfatning at gjeldande rett må vere slik å forstå at kompetansen til å avgjere søknader om innsyn i pasientjournalar frå næraste pårørande i dag ligger hos Norsk helsearkiv og ikkje hos Helsedataservice. Det er også slik dette blir praktisert i dag. Samtidig ser departementet at ordlyden kan skape ei viss uvisse.

Departementet foreslår derfor å presisere i eit nytt andre ledd i helsearkivforskriften § 31 at kompetansen til å avgjere slike saker fortsett ligg hos Norsk helsearkiv.

9 Økonomiske og administrative konsekvenser

Endringane i organisering, roller og ansvar skal gjennomførast innanfor ei uendra samla budsjettamme. Departementet legg til grunn at det ikkje blir rekna med ekstra løyvingar til endringar og tilpassingar i ulike system som følge av dei organisatoriske endringane som blir foreslåtte. I det ligg det at verksemdene inntil vidare blir i nåverande lokalar og at utgifter relatert til konsernmodellen blir flytte mellom verksemdene, men innanfor ei uendra total ramme. Departementet vil vurdere lokalisering etter kvart som leigekontraktar går ut. Som det går fram av Prop 118 S (2022-2023) *Revidert nasjonalbudsjett* er formålet med omorganiseringa ikkje å redusere den samla ressursbruken, men å oppnå gevinstar i form av mellom anna betre støtte til kommunane, betre utnytting av helsedata og større forsyningstryggleik for legemiddel og medisinsk utstyr.

Personalmessige konsekvensar som følge av organisatoriske endringar i helseforvaltninga skal ivaretakast etter lov og avtaler i statleg tariffområde, og i tråd med retningslinene for personalpolitikk ved omstillingsprosessar i staten.

10 Forslag til lov om endringer i helselovgivinga (organisatoriske endringer i sentral helseforvaltning)

I

I lov 10. februar 2017 nr. 5 om endringer i tobakksskadeloven (gjennomføring av direktiv 2014/40/EU og standardiserte tobakkspakninger) blir det gjort følgende endringer:

§ 34 a første ledd skal lyde:

Det er forbudt å føre inn i Norge eller selge elektroniske sigaretter og gjenoppfyllingsbeholdere som ikke er registrert hos *Direktoratet for medisinske produkter*.

§ 35 andre ledd skal lyde:

Direktoratet for medisinske produkter fører tilsyn med at bestemmelsene i §§ 34 a og 34 b og bestemmelser gitt i medhold av disse, overholdes. Det samme gjelder kravene om helseadvarsel og produktpresentasjon i § 30 a når det gjelder elektroniske sigaretter og gjenoppfyllingsbeholdere.

II

I lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) blir det gjort følgende endring:

§ 12-5 blir oppheva.

III

I lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelseloven) blir det gjort følgende endringer:

§ 24 skal lyde:

§ 24 Helsedirektoratets ansvar

Helsedirektoratet skal følge med på forhold som påvirker folkehelsen og bidra til å iverksette nasjonal politikk på folkehelseområdet og være en pådriver for kunnskapsbasert folkehelsearbeid, blant annet gjennom utvikling av nasjonale normer og standarder for godt folkehelsearbeid. *Helsedirektoratet skal overvåke utviklingen av folkehelsen, utarbeide oversikt over befolkningens helsetilstand og faktorer som påvirker denne, samt utføre*

helseanalyser. Departementet kan i forskrift gi utfyllende bestemmelser om opplysninger som skal gjøres tilgjengelig for kommunen og fylkeskommunen.

Helsedirektoratet skal gi kommuner, fylkeskommuner, statsforvaltere og andre statlige institusjoner, helsepersonell og befolkningen informasjon, råd og veiledning om strategier og tiltak i folkehelsearbeidet. *Direktoratet skal videre gjøre tilgjengelig opplysninger som grunnlag for kommunenes og fylkeskommunenes oversikter etter §§ 5 og 21. Opplysningene skal være basert på statistikk Folkehelseinstituttet har utarbeidet på grunnlag av de sentrale helseregistrene etter helseregisterloven §§ 19 flg., samt annen relevant statistikk. Direktoratet skal gi bistand, råd, veiledning og informasjon i den forbindelse.*

§ 25 skal lyde:

§ 25 Folkehelseinstituttets ansvar

Folkehelseinstituttet skal drive forskning på folkehelseområdet.

Folkehelseinstituttet skal i forbindelse med eksponering for helseskadelige miljøfaktorer bistå kommuner, fylkeskommuner, statsforvaltere og andre statlige institusjoner, helsepersonell og befolkningen for å sikre beskyttelse av befolkningens helse.

§ 28 tredje ledd skal lyde:

Departementet kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om kommunens beredskap innen miljørettet helsevern, og om meldeplikt for kommuner, helseforetak og helsepersonell til *statlige helsemyndigheter* om miljøhendelser eller mistanke om utbrudd av sykdom relatert til eksponering for helseskadelige miljøfaktorer. I forskrift kan videre gis nærmere bestemmelser om oppgaver for og ansvarsfordeling mellom kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter for å sikre beskyttelse av befolkningens helse.

IV

I lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetjenesten m.m. (spesialisthelsetjenesteloven) blir det gjort følgende endringer:

§ 7-3 blir oppheva.

V

I lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsomme sykdommer (smittevernloven) blir det gjort følgende endringer:

§ 3-8 nytt sjettede ledd skal lyde:

Departementet har ansvar for å sikre nødvendig vaksineforsyning og vaksineberedskap.

§ 7-9 skal lyde:

§ 7-9 Folkehelseinstituttet

Folkehelseinstituttet er statens smitteverninstitutt. Folkehelseinstituttet skal overvåke den nasjonale epidemiologiske situasjonen og delta i overvåkingen av den internasjonale epidemiologiske situasjonen, utføre helseanalyser og drive forskning på *smittevernområdet*. Folkehelseinstituttet kan behandle helseopplysninger og andre personopplysninger som er nødvendig for å gjennomføre disse oppgavene.

Folkehelseinstituttet skal gi *smittevern*faglig råd og bistand til kommunale, fylkeskommunale og statlige institusjoner i forbindelse med oppklaring og kontroll av utbrudd av smittsomme sykdommer.

§ 7-10 skal lyde:

§ 7-10 Helsedirektoratet

Helsedirektoratet har myndighetsoppgaver etter smittevernloven og skal gjennom vedtak etter denne loven medvirke til at befolkningens behov for tjenester og tiltak blir dekket i forbindelse med smittsomme sykdommer.

Helsedirektoratet kan bestemme at kommuner, fylkeskommuner eller statlige institusjoner skal organisere eller utføre nærmere bestemte tjenester eller tiltak, samarbeide, eller følge nærmere bestemte retningslinjer når det er nødvendig for å sikre et effektivt og forsvarlig smittevern.

På tilsvarende måte som etter foregående ledd kan Helsedirektoratet pålegge helsepersonell å følge nærmere bestemte faglige retningslinjer.

VI

I lov 4. desember 1992 nr. 132 om legemidler m.v. (legemiddeloven) blir det gjort følgende endringer:

§ 21 a skal lyde:

Dersom en overtredelse av bestemmelser som *Direktoratet for medisinske produkter* fører tilsyn med etter legemiddeloven kapittel VII med tilhørende forskrift, medfører betydelig helserisiko, og det ikke finnes andre effektive midler for å stanse overtredelsen, kan *Direktoratet for medisinske produkter* pålegge

- a. en vertstjenesteleverandør eller en eier av et nettbasert grensesnitt å fjerne innhold på grensesnittet eller innta en tydelig advarsel som forbrukerne ser når de får tilgang til det nettbaserte grensesnittet,
- b. en internettilbyder å begrense tilgangen til et nettbasert grensesnitt,
- c. en vertstjenesteleverandør å fjerne, deaktivere eller begrense tilgangen til et nettbasert grensesnitt,

- d. en registerenhet for toppdomener eller en domenerregistrar å slette, suspendere eller omregistrere et fullt kvalifisert domenenavn til *Direktoratet for medisinske produkter*.

Ved vurderingen av om pålegg skal gis, skal det blant annet tas hensyn til informasjons- og ytringsfriheten, forbrukernes interesser, partenes interesser samt mulighetene for mindre inngripende tiltak.

Dersom det er rimelig grunn til å anta at det foreligger brudd på bestemmelser som *Direktoratet for medisinske produkter* fører tilsyn med etter kapittel VII, kan *Direktoratet for medisinske produkter* gi pålegg etter første ledd med midlertidig virkning. Et vedtak med midlertidig virkning skal gjelde for en bestemt tid som ikke kan overstige tre uker fra virkningstidspunktet. Vedtaket kan fornyes dersom vilkårene er oppfylt.

VII

I lov 9. mars 1973 nr. 14 vern mot tobakksskader (tobakksskadeloven) blir det gjort følgende endringer:

§ 35 andre ledd skal lyde:

Direktoratet for medisinske produkter fører tilsyn med at §§ 34 a og 34 b og forskrifter gitt i medhold av disse, overholdes. Det samme gjelder kravene om helseadvarsel og produktpresentasjon i § 30 a når det gjelder elektroniske sigaretter og gjenoppfyllingsbeholdere.

VIII

I lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter (pasient- og brukerrettighetsloven) blir det gjort følgende endringer:

§ 7-2 andre ledd skal lyde:

Pasient eller representant for pasienten som mener at bestemmelsen i § 2-4 a annet ledd bokstav a ikke er overholdt, kan klage til *Helseklage*.

§ 7-2 tredje og fjerde ledd blir oppheva.

§ 7-2 femte og sjette ledd blir tredje og fjerde ledd.

11 Forslag til forskrift om endringer i forskrift..... og enkelte andre forskrifter (organisatoriske endringer i sentral helseforvaltning)

